

## Vedtekter Rosendal Utvikling AS

### Paragraf 1:

Selskapets navn er Rosendal Utvikling AS.

### Paragraf 2:

Selskapet si forretningsadresse er Rosendal i Kvinnherad Kommune.

### Paragraf 3:

Rosendal Utvikling AS skal arbeida for å fremja næringsliv og utvikling generelt i rosendalsområdet, slik at denne delen av kommunen framleis vert eit attraktiv område å arbeida og bu i.

Rosendal Utvikling AS kan involvera seg i drift med økonomisk føremål eller ta del i selskap med liknande verksemd. I dette ligg også utvikling av eigedomar, anten for leige eller sal.

Aksjonærene i Rosendal Utvikling AS kan ikkje få utbetalt utbyte eller annan økonomisk godtgjersle frå selskapet.

### Paragraf 4:

Selskapet sin aksjekapital er på kr 32.975 fordelt på 6595 aksjar a kr 5,- fullt innbetalt og lydande på namn.

Kvar aksje gir ei røyst.

### Paragraf 5:

Selskapet sitt styre skal ha 3 til 5 medlemmer med 2 varamedlemer. Første året skal 2 styremedlemer stå på val etter loddtrekking. Varamedlemer vert valt for 1 år. Styreformannen samen med eitt av dei andre valde styremedlemene teiknar selskapet sitt firma. Styret kan tilsetja forretningsfører og tildela prokura.

### Paragraf 6:

Generalforsamlinga skal innkallast skriftleg av styret med minst 8 dagars varsel til samtlege aksjonærar med kjent adresse.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsama:

- 1) Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
- 2) Disponering av overskot eller dekning av underskot i samsvar med fastsett balanse.
- 3) Val av styre med varamedlemer
- 4) Andre saker som i samsvar med lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

**Paragraf 7:**

Overdraging av aksjar må godkjennast av styret.

**Paragraf 8:**

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret finn det turvande eller det til handsaming krevst skriftleg av revisor eller av aksjeeigarar som representerer minst 1/10 part av aksjekapitalen. Den ekstraordinære generalforsamlinga skal innkallast på same måten som den ordinære, og handsama berre dei saker som er nemnt i innkallinga.

**Paragraf 9:**

Elles gjeld aksjelova sine reglar til ein kvar tid